

Årsmelding for 2012

Styret i Sandsøy idrettslag:

Leiar: Anne Bjørg Bringsvor

Nestleiar: Endre Vorren

Kasserer: Svein Helge Bringsvor

Sekretær: Anders Bringsvor

Styremedlem: Bjørn Baade

Varamedlemmer: Bendik Sande og Oddbjørg E. Olsen.

3 styremøter.

17. april var det 30 år sidan Oshaugane stadion vart opna og 3. september var det 40 år sidan idrettslaget vart skipa. Hurra!

Idrettslaget har 60 medlemmar, derav 24 personar med tillitsverv.

Økonomien i idrettslaget er god, overskotet vart på ca. 25000,-.

Viser til rekneskapen for meir detaljer.

Medlemskontingent i idrettslaget for 2012 var slik:

- barn 50,-
- voksne 100,-
- familie 200,-

Det blei ikkje kravd treningsavgift i år.

Årets aktivitet

Fotballgruppa

Vi har hatt tre lag påmeldt i kretsen; G09, J09 og G12, alle i samarbeid med Kvamsøy.

G09 har vore på fire turneringar mot lag frå Åheim, Bergsøy, Gjerdsvika og VanKam, medan J09 har spelt i turneringar mot Hødd, Hareid og Moltustranda. Svein Helge Bringsvor har vore oppmann i tillegg til trenar i lag med Endre Vorren. Gunnar Ristesund var trenar på Kvamsøya.

G12 har spelt serie med åtte kampar borte og åtte heime, heimekampane likt fordelt på Kvamsøya og Sandsøya. Oppmann har vore Kamilla Werkland frå Kvamsøya, Kamilla trena også laget på Kvamsøya medan Svein Helge trena laget her med oss.

Alle tre laga var med på Gursken Cup og Tare Cup.

Trimgruppa

Trimbøker 2012:

6718 har besøkt dei ni trimbøkene våre, meget bra resultat, omlag som i fjor.

I år som tidlegare år har vi premiar til dei som har skrive seg flest gongar i trimbøkene, pluss premie til den trimmaren med mest poeng og som samtidig har vore på alle trimpostane.

I tillegg får alle barn, som er 15 år i år eller yngre, ein premie (turkopp) dersom dei har vore på alle postane og i tillegg oppnådd desse poenga:

0-3 år 21 poeng

4-7 år 27 poeng

8-15 år 32 poeng

Trimboktoppen:

Kletten	Petter Toftesund	317
Rinden	Pavel Skobelev	240
Kleiveneset	Terje Follestad	74
Dollsteinen	Øyvind Vorren	61
Grøntua	Tor Arne Bringsvor	109
Hellandsvågane	Rolf Våge	139
Hellandsfjellet	Arnvald Bringsvor	51
Voksehaugen	Monika Flatøy	69
Trollhola	Jan Bugge	15

Poengetoppen:

1	Anders Bringsvor	1612
2	Eirik V. Bringsvor	689
3	Arnvald Bringsvor	517
4	Tor Arne Bringsvor	459
5	Jan Bugge	178
6	Brit Synnøve Våge	95
7	Dagny Skare	81
8	Ann Olaug Vorren	79
9	Endre Vorren	75
10	Reidar Baade	70
10	Ivar Mork Vorren	70

Sjutoppsturen

Sjutoppsturen og turmarsjen vart i år arrangert for åttande gong, på langfredag som tidlegare. Snødekte og til dels glatte løyper gjorde årets tur ekstra krevjande, men når vêret klarna opp og sola kom fram ut på føremiddagen, vart det fint å gå på tur.

God deltaking trass forholda, 82 deltakarar på Sjutoppsturen og 56 gjekk turmarsjen rundt Vågen. Rosenlund var base for arrangementet med sekretariatet og kiosk/ kafè.

Nytt av året var sal av sjutopps-T-skjorter og pengepremiar til dei tre beste tidene i dameklassa og herreklassa. Røde Kors var hyra inn, men fekk heldigvis ingenting å gjere.

Resultat:

Herrer:

1	Knut Sindre Mølmen	01:47:24
2	Joar Moldskred	01:48:40
3	Eirik Voksøy Bringsvor	01:52:35
4	Harald Svein Nystøyl	02:03:07
5	Anders Bringsvor	02:07:29
6	Martin Hauge-Nilsen	02:11:20
7	Bjørn Helland	02:17:44
8	Tony Stian Våge	02:39:21
9	Magnus Fredly	02:55:54
10	Inge Johnny Hide	03:04:07
10	Kristoffer Bugge	03:04:07
12	Jermund Myrene	03:16:14

Damer:

1	Åse Iren Sætre	02:19:39
2	Dina Kristine Mølmen	02:28:29
3	Kristin Myrene	03:16:15

Andre aktivitetar

Grendacup

Andre helga i august vart fotballturneringa Sande Rekneskap Grendacup arrangert i Oshaugane. Dette var eit samarbeid mellom SIL og laget Voksa FC. Totalt fem lag deltok, fordelt på old boys- og aktiv-klasse med henholdsvis to og tre lag. Arrangementet var betre tilrettelagt enn i 2011, og når det i tillegg var strålende vêr, vart det sportslege ein suksess. Litt lite publikumsoppmøte, men uansett verdt å gjere igjen.

Friidrett

Eit tilbod til 1. til og med 5. klasse. Trena ein gong i veka, både i gymsalen og ute på skuleplassen. Trenarar var Kristin Grande, Elias Strømsnes og Kenneth Østlund, godt hjelpte av foreldre.



Gjengen var med på 1.mai-løpet på Åheim. Det vart ein fin dag i vanylvsbygda for gjengen frå SIL, som gjorde ein storarta innsats i løypene. Nokre glimta også til med svært lovande plasseringar. Men her er det viktigaste å delta. Sjå ikkje vekk ifrå at det blir «reprise» neste år.

Styret i Sandsøy idrettslag

Hovedsamarbeidspartner 2012:



SPAREBANKEN MØRE